

## Referat Su-smu-møte Stokkastrand skole

26.01.21

<b>1/21</b>	<b>Godkjenne referat</b>
	Per Arnvid mangla som medlem av Su. Det er retta opp i.
<b>2/21</b>	<b>Skoleruta 2021-2022</b>
	Skoleruta blir satt i NordR. Me kjem til å ha to ettermiddagsarrangement. Forestilling i Kinoen og Strandaleikane. Me skal derfor leggje inn ein avspaseringsdag. Forestillinga blir lagt til 2. juni 2022 og ein avspaserer 13. juni 2022.  Skoleruta finn ein på heimesida til skolen.
<b>3/21</b>	<b>Elevrepresentantane har ordet</b>
	Elevrådet på skolen plar vere veldig aktive i storfri. Dei har tidlegare år arrangert lynballturnering, fotballturnering, sjakkturnering, quizturnering mm. Det går ikkje dette året grunna corona. Nå etter jul har 3.-7.klasse starta opp med TL i klassen. Klassen har 4 TL-ar som skal arrangere leiker når klassen har litt kjedlege leikesonar. Klassane har snakka om leiker som mange liker og laga ei liste TL-ane kan plukke frå.
<b>4/21</b>	<b>Elevundersøkinga</b>
	Rektor gjekk gjennom ulike tal frå elevundersøkinga. Generelt ligg skolen over nasjonalt nivå. Mobbetalet var høgare i haust, men intens jobbing viser igjen i talet i elevundersøkinga.  Elevane seier at dei ikkje får nok fagleg utfordring. Su snakka litt om kvifor talet er som det er, tross jobbing for å utfordre elevane meir dei siste åra. Kanskje det kan henge saman med at elevane ofte får val, og at dei då vel det enklaste.....  Denne våren vil skolen jobbe med elevmedverknad og vurdering, etter ny læreplan. Skolen har gode tal på vurdering, men kan bli betre på eigavurdering. Dette ligg også veldig framtrudande i den nye læreplanen. Elevar skal vere med å snakke om eiga arbeid, eigen progresjon og eigne mål. Me håper dette arbeidet til slutt vil vise igjen
<b>5/21</b>	<b>Inkluderandre skolemiljø</b>
	I desse coronatider jobbes det helst på klassenivå. Det er viktig at ein har det trygt og godt i klassen sin, at det er ein god stad å vere. Elevane leikar fortsatt i sonar ute i skolegarden, og dei er ikkje med andre klassar. Me får derfor ikkje gjennomført Friends, som er klasse møter klasse. Eit tiltak for at flest mogleg skal kjenne kvarandre og ha godheit for kvarandre. Fellessamlingar har me hatt nokre av. Nokre få i Teams, med varierende kvalitet. Me har også hatt fleire ute i skolegarden. Me har kjøpt inn stor høgtalar og sitjeunderlag til alle elevane. Når vêret tillater det slår me til med samling. Dei har vore kjekke – det er godt å vere saman ALLE.  Innsatsteamet ved skolen har fokus på godt klassemiljø, elevar som ikkje heilt finn rolla si og mobbing. Skolen erfarer at i 5.kl eskalerer sosiale utfordringar, ikkje mobbing, men



	<p>vennesaker etc. Det går som regel ut i 6.klasse, men så har dei funne meir ut av venner og seg sjølv igjen når dei kjem i 7.klasse. Me har ein sosiallærer som jobbar godt med elevar som har ein vanskeleg periode og treng ei støtte og ein samtalepartner. Kontaktlærer jobbar med klassemiljøet.</p>
<b>6/21</b>	<p><b>Stangaland skole</b></p> <p>Skolen tar form, og innan mars skal den vere tett. Språkforma blei bokmål. Nokre elevar trudde at dei skulle starte med bokmål då. Det skal dei sjølv sagt ikkje. Dei skal ha nynorsk ut ungdomsskolen.</p> <p>Rektor skal bli tilsett i august. Skolen skal ha 3 avdelingsleiarar. Assistentar og pedagogar må søkje om overføring.</p>
<b>7/21</b>	<p><b>Kunnskapsløftet 2020</b></p> <p>KL 20 handlar mykje om meir aktive elevar. At elevane skal vere aktive i starten av timen, for å få fram forkunnskap. Læraren skal i større grad vere ein rettleiar når dei skal få fleire valmoglegheit og jobbe i ulike tema med dei. I slutten av timen skal ein finne tid til å oppsummere, og undervegs i eit tema skal elevane delta i vurdering og få tilbakemelding.</p>
<b>8/21</b>	<p><b>Undervise i 60 min. økter</b></p> <p>Skolesjefen og fagforeningane er blitt samde om at Karmøyskolen skal over til 60 min undervisningsøkter frå hausten 2022. Me har likevel blitt spurt om starte frå hausten av. Litt fordi me har hatt utfordringar med å få busstidene til å gå opp i denne sonen og litt fordi han har lyst at nokon skal starte ut for å hauste erfaringar.</p> <p>Pedagogane hos oss har sagt ja til dette. Det har me gjort fordi me ser at 15 min til pr time, vil gjere det lettare etter KL 20. I tillegg vil me ved å starte opp dette nå, få mindre endring når me skal over på Stangaland skole.</p>
<b>9/21</b>	<p><b>Eventuelt</b></p> <p><b>Klokker med telefon</b></p> <p>For nokre år sidan var dette med Smartklokker oppe i Fau. Me blei då einige om at dei hadde same funksjon som ein mobil, og at dei derfor skal vere av i skoletida og liggje i ranselen. Skolen ønskjer ikkje at elevar skal bli ringt til i skoletid. Viss foreldre treng å komme i kontakt med eleven kan dei ringje til skolen. Det same viss elevar treng å ringje heim. Då får dei ringje frå kontoret.</p> <p>Nokre foreldre i 1. klasse har nå tatt opp saka på nytt. Mange har fått seg klokke ein kan ringje med, og ønskjer at desse skal vere på handa. Dei fortel at den kan setjast i skolemodus. Dei meiner at den ikkje kan liggje i ranselen, fordi den då blir øydelagt.</p> <p>Su diskuterte saka. Dei meiner at ein ikkje ønskjer den usikkerheite desse klokkene kan skape i klasserommet. Klokkene kan bla ta opp lyd og sende heim, og då handlar det om personvern. Skolen kan ikkje vere sikker på at dei står på skolemodus. Su ser at mange foreldre liker at elevar har slike klokker.</p> <p>Su foreslår at dei har ein liten boks i ranselen som dei kan leggje den i. Mange elevar praktisere allereie denne praksisen, og foreldra er fornøgd med det.</p> <p><b>Skolebussen</b></p> <p>Denne hausten har ein satt inn ein mindre buss. Me har kun to elevar som har</p>



rett på buss. Den retten får ein gjennom

**Opplæringslova § 7-1. Skyss og innlosjering i grunnskolen**

«Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.»

Det har skapt nokre utfordringar den siste tida grunna snø og mange elevar som tenkte dei skulle ta bussen. Det har rett og slett ikkje vore plass til alle.

Men det er lova over som styrer dette, og Vy kunne strengt tatt sett inn ein taxi for dei to elevane som skal vere med.

Viss det blir meir utfordringar rundt dette vil rektor spele saka inn i Fau, der fau får gjere ei prioritering for kven som skal få vere med bussen.

Etter påske vil Fau og skolen setje i gong med ny gå- og sykle til skolen-aksjon.

Stokkastrand skole 27.01.2021

Elia Aase  
Rektor

